

VEDLEGG



**DET KONGELEGE
KLIMA- OG MILJØDEPARTEMENT**

Statsråden

Energi- og miljøkomitéen
Stortinget

0026 Oslo

Dykkar ref

Vår ref
21/1254-

Dato
26. april 2021

Vedrørende representantforslag 236 S (2020-2021) om globale og nasjonale tiltak for reinare hav og handtering av plast

Eg visar til Stortingets brev av 19. april 2021 til klima- og miljøministeren om globale og nasjonale tiltak for reinare hav og handtering av plastavfall.

Som representantane peiker på er marin plastforsøpling eit av vår tids raskast aukande miljøproblem og eg deler deira uro for miljøkonsekvensane forårsaka av plastforsøpling på marine økosystem.

Regjeringa har sidan 2013 arbeida målretta med å motvirke marin forsøpling og spreining av mikroplast og fått på plass ei rad tiltak både global, regionalt og nasjonalt.

Fleire av dei tiltaka som representantane foreslår vil omfattast av regjeringas nye plaststrategi, som vil leggjast fram sommaren 2021. Strategien tek ei heilskapleg tilnærming og har som formål å nytte plast som ressurs meir effektivt og samstundes redusere plastforureining til miljøet. Strategien vil òg fremje målretta tiltak på tvers av heile livsløpet for plastprodukta, fremme tiltak for å betre nytte plastavfall som ressurs og motverke forureining.

Strategien vil vere regjeringas handlingsplan mot marin plastforureining og for tiltak når plastavfall endar opp i miljøet og ved akutt forureining. Strategien vil òg innehalde tiltak mot spreining av mikroplast. Han bygger vidare på plaststrategien i den siste avfallsmeldinga, Meld. St. 45 (2016-2017) "Avfall som ressurs".

Statsforvaltaren gir råd om gjennomføring av opprydding i verneområda, auka regional koordinering og samling av aktørar for felles planlegging. Statsforvaltaren kan òg bidra med

relevant informasjon om regelverk, avfallshandtering, avgjerd i verneområde og HMS etc. Det er noko regjeringa vil omtale i den nye plaststrategien, kor det òg vert utgreia om rollar og organisering av dette arbeidet.

Fleire kommunar i Noreg har allereie sett i gang med å utvikle eigne handlingsplanar mot marin forsøpling, noko som er positivt. Mykje plastavfall som finst langs kysten vår, og særleg i dei sørlege områda av landet, kjem frå lokale kjelder. I tillegg til gjeldande nasjonale tiltak, meiner regjeringa at det er kommunane som er nærast til å vurdere kva ytterlegare tiltak dei kan iverksette retta mot sine eigne kjelder. Til dømes kan kommunar som er vertskap for store idrettsarrangement eller festivalar på kommunal grunn, rette tiltak mot forsøpling av plast frå slike arrangement. Kommunar kan òg nytta anskaffingsregelverket til mellom anna å redusere bruken av eingongsartiklar i plast. Det finnes og ei rekke kunnskapsprodukt og ressursar tilgjengeleg for aktørar som kommunar, og som kan nyttas i arbeidet med å utvikle eigne handlingsplanar. Regjeringa ynskjer òg velkommen dialog med dei kommunane som treng meir rettleiing.

Staten sin rolle overfor det frivillige er å leggje til rette. Det gjer Staten blant anna gjennom ei tilskotsordning kor ein kan søke støtte til gjennomføring av ryddeaksjonar og førebyggjande tiltak, samt refusjonsordninga som Hold Norge Rent forvaltar. Staten gir òg Hold Norge Rent driftsstøtte. Vidare er det digitale verktøyet "Rydde", som både finns som ei nettløysing og ein app, eit viktig hjelpemiddel der dei frivillige kan samordna seg. Staten har gjennom opprettinga av Senter for oljevern og marint miljø, styrka arbeidet med desse verktøya. Staten har no vedtatt at frå 1. januar 2022 skal Senter for oljevern og marint miljø leggest om til eit eget nasjonalt senter for marin forsøpling, underlagt Klima- og miljødepartementet. Korleis leggja til rette for det frivillige arbeidet, er eit av tema som vil bli behandla i omtala av oppryddingsarbeid i plaststrategien. Det finns i dag òg mykje private midlar som brukast til opprydding i Noreg.

Sidan 2014 har regjeringa arbeida målretta for sterkare globale pliktar for å motverke marin plastforsøpling og spreining av mikroplast, gjennom initiativ til vedtak under FNs miljøforsamling og gjennom å styrke eksisterande avtaler og mekanismar slik som Basel-konvensjonen om grensekryssande transport av farleg avfall og anna avfall. Dei nordiske miljøministrane var dei fyste til å ta tydeleg til orde for ein ny global avtale mot marin forsøpling allereie i 2019. Ei nordisk utgreiing vart lansert hausten 2020 om kva element som kan inngå i ein slik ny avtale.

Det siste året har ein sett ei rask utvikling i talet på land som tar til orde for ein ny global plastavtale. Noreg arbeider tett saman med EU og ei rekke andre land frå ulike regionar for at FNs miljøforsamling på sitt femte møte i februar 2022 skal vedta ein forhandlingsprosess fram mot ein ny avtale. Noreg ynskjer at ein ny avtale skal vere ambisiøs og leggje til grunn ein heilskapleg tilnærming til både sjøgrunna og landgrunna kjelder og som pliktar land til å samarbeide over tid.

Regjeringa vil òg leggje fram ein strategi for sirkulær økonomi våren 2021. Denne vil mellom anna innehalde tiltak for å fremje ein sirkulær økonomi for plast i takt med arbeidet i EU for

meir berekraftige produkt og meir berekraftig forbruk. På sikt er det den mest effektive og varige måten å redusere marin forsøpling og spreing av mikroplast i miljøet.

Når det gjeld dumping av avfall frå skip, er dette forboden, både etter skipstryggelikslova og internasjonalt regelverk. Slik dumping er eit globalt miljøproblem, og brot på regelverket blir rekna som alvorleg. Også allmennpreventive omsyn inneber at det skal reagerast strengt i desse sakene. Ved brot på regelverket kan det reagerast både med administrative sanksjonar, som gebyr, og straff. Sjøfartsdirektoratet har i fleire tilfelle gitt gebyr for dumping av avfall frå skip. Gebyra har vore i storleiksorden frå kr. 77 506 (minimumsgebyret) opp til kr. 500 000. Det blir i desse sakene òg lagt vekt på mengde og kva slags avfall det gjeld. Utslepp av til dømes plast, som har låg nedbrytingsevne i naturen, verkar skjerpande ved utmålinga av gebyret.

Handhevinga av regelverket er likevel utfordrande fordi brota i dei fleste tilfelle er vanskeleg å oppdage og bevise. Dumping av avfall skjer gjerne ikkje kystnært, men i norsk økonomisk sone, som strekk seg ut til 200 nautiske mil utanfor grunnlinjene og utgjer eit område på om lag 2 millionar kvadratkilometer. I nokre tilfelle finn vi seinare flak med avfall som på grunn av merking kan sporast til eit einskild skip, men ofte er det vanskeleg å bevise kva for skip avfallet kjem frå. Dette er likevel utfordringar regjeringa tar alvorleg.

Etter skipstryggelikslova § 54 kan utanlandske skip bli nekta tilgang til norsk sjøterritorium, altså territorialfarvatnet, som strekk seg ut til 12 nautiske mil. Dei fleste aktuelle utanlandske fartøy opererer i norsk økonomisk sone, utan at dei normalt kommer inn i norsk territorialfarvatn. Vidare har fartøya uavhengig av om dei er pålagt karantene likevel etter havrettskonvensjonen rett til uskuldig gjennomfart i territorialfarvatnet. Karantene som verkemiddel blir difor vurdert som lite effektivt og vanskeleg å handheve i desse sakene.

Når det gjelder forslaget om å auke delen av bistandsbudsjettet til arbeidet med marin forsøpling, visar Utanriksdepartementet til følgande:

"Norge har en lederrolle i det internasjonale arbeidet mot marin forsøpling. I tillegg til å arbeide for en internasjonal avtale mot dette problemet har regjeringen lansert et bistandsprogram mot marin forsøpling. Regjeringen vil bruke 1,6 mrd. kroner på programmet i perioden 2019-2024. Formålet med programmet er å forebygge og kraftig redusere omfanget av marin forsøpling fra store kilder i utviklingsland. For å nå denne målsettingen, fokuserer innsatsen på fire delmål:

- 1. Avfallshåndtering av plastavfall i samarbeidsland er forbedret*
- 2. Utvalgte kystsoner og elver er ryddet for avfall og dette avfallet er forsvarlig håndtert*
- 3. Næringslivets egeninnsats for bærekraftig produksjon, forbruk og forsvarlig avfallshåndtering er styrket*

4. *Globale forpliktelser og nasjonale og regionale virkemidler for å forhindre marin forsøpling og mikroplast er styrket*

Innsatsen rettes mot folkerike og økonomisk raskt voksende land i Asia med lange kystlinjer. Her er problemet med marin forsøpling aller størst. I tillegg rettes forebyggende tiltak mot land med raskt voksende økonomier i Afrika. Små øystater mottar også støtte til prosjekter for å styrke avfallshåndtering og opprydning i strandsonen. Korona-pandemien har forsterket problemene med marin forsøpling på grunn av sterk økning i plastforurensing fra smittevernutstyr. Ifølge nyeste offisielle statistikk for havsatsingen utgjorde tiltak mot marin forsøpling 241 millioner kroner (28 % av den samlede havbistanden) i 2019. Vi planlegger for å videreføre denne ambisiøse satsingen og opprettholde totalrammen for bistandsprogrammet."

Med helsing



Sveinung Røtevatn